

SAMSPEL
BEREKRAFT
NYSKAPING



Fakultet for helse- og sosialvitenskap

STRATEGI
2019–2023

 Høgskulen
på Vestlandet

Nøkkeltal 2018

4500 studentar

372 årsverk, hausten 2018

7 bachelorutdanningar innan sjukepleie, vernepleie, sosialt arbeid, barnevern, fysioterapi, ergoterapi og radiografi.

Ein rekkje vidareutdanningar

8 masterutdanningar

1 ph.d.-utdanning

Fleire forskingsgrupper, forskingsprogram og senter

3 institutt

> Institutt for helse- og omsorgsvitenskap

> Institutt for helse og funksjon

> Institutt for velferd og deltaking

5 campusar

> Førde

> Sogndal

> Bergen

> Stord

> Haugesund

Om strategien

- > Strategien viser til kva som kjenneteiknar oss og kor vi utmerker oss når det gjeld utdanningstilbod, forskings- og utviklingsarbeid og formidling
- > Strategien er ein intern reiskap for vidare utvikling av utdanningar og forskning
- > Strategien skisserer dei interne målsettingane våre og speglar av kva for forventningar omgjevnadene har til oss som høgare utdanningsinstitusjon
- > Strategien er eit ledd i ei felles målsetting for utvikling av HVL
- > Strategien skal operasjoniserast og følgast opp i årsplanane til fakultetet
- > Strategiperioden strekker seg frå 2019 til 2023
- > Strategien skal reviderast i 2020

Ambisjoner og profil

Gjennom utdanning og forskning skal FHS medverke til betre helse- og velferdstenester, behandling, mestring og omsorg til pasientar og brukarar i alle situasjonar og livsfasar.

Bachelorutdanningane er berebjelken i fakultetet og danner grunnlaget for yrkesretta vidareutdanningar og masterutdanningar, og for ph.d.-utdanninga innan helse, funksjon og deltaking.

Samla representerer dei tre områda i ph.d.-utdanninga breidde og djupne i fag- og forskingsmiljøa våre. Fakultetet har ein vitskapeleg ambisjon om å styrke forskingsbasert undervisning, rettleiing og praksis med særleg vekt på desse områda.

- > Omgrepet **helse** viser til ein kroppsleg, psykologisk og sosialt forankra ressurs som blir påverka av sjukdom, sjukdomshandtering, livsløp og levekår, og er eit vilkår for kvardagsliv og samfunnsdeltaking
- > Omgrepet **funksjon** viser til menneskeleg aktivitet og samspelet mellom individ sine kroppslege og psykologiske føresetnader og omgjevnadene
- > Omgrepet **deltaking** reflekterer medborgarskap og viser til dei måtar individ eller grupper kan delta både i samfunnsliv, arbeidsliv og som tenestemottakarar

Fakultetet sin profil innan helse, funksjon og deltaking vert reflektert i fem tematiske område:

- > Helsefremming og meistring
- > Kontekstuelle vilkår
- > Fysisk aktivitet
- > Implementering av forskning
- > Utdanningsforskning

Ambisjonane våre og profilen vår skal vekse og utvikle seg:

I **samspel** mellom forskning og utdanning, mellom profesjonar og fagmiljø, mellom fag og administrasjon, mellom høgskule og praksisfeltet på Vestlandet - og gjennom nasjonale og internasjonale nettverk Med **berekraft** som premis for vegval og verkemiddel, og med **nyskaping**, kunnskapsutvikling og kvalitetsforbetring som resultat

Helse- og velferds-tenester i endring

Reformer i helse- og omsorgssektoren, barnevernet og velferdssektoren har ført til nye og samansette kompetansebehov. FHS skal gjennom utdanning, forskning og samhandling svare på dette.

Helseføretaka blir stadig meir spesialiserte med kortare liggetid, meir spesialisert diagnostikk og behandling, meir poliklinisk behandling og fleire pasientforløp.

Det har skjedd ei «gliding» av oppgåver mellom yrkesgrupper og mellom spesialisthelseteneste og primærhelseteneste. Dette krev nytenking og evne til omstilling, meir kunnskap, kompetanse og tverrprofesjonelt samarbeid.

Den teknologiske utviklinga går raskt, noko som gjev nye mulegheiter. Velferdsteknologi og e-helse er viktige reiskapar i helsetenestene i framtida.

Det er auka forventningar til brukar-involvering og til meir individuelt tilpassa tenester.

Ein lågare del av befolkninga er i yrkesaktiv alder og ein større del personar i yrkesaktiv alder er utanfor arbeidslivet. Dette krev nye løysingar.

Ei meir heterogen befolkning, med auka sosiale, økonomiske og kulturelle skilnader og ein auke i migrasjon som følgje av krig og konflikt, stiller nye krav til tenestene.

Det er aukande tenestebehov hjå personar med varige og samansette livsutfordringar og lidingar.

- > I 2025 vil ein kvart million menneske i Noreg vere over 80 år
- > Rusproblematikk og psykiske lidingar aukar i omfang
- > Ikkje-smittsame sjukdommar som muskel- og skjelettplagar, fedme, hjerte- og karsjukdom, kreft, diabetes og KOLS er ei utfordring for folkehelsa

- > Det er ein klar samanheng mellom helseproblem og økonomiske og sosiale problem
- > Tidlig innsats av helsefremmende og førebyggjande arbeid er nødvendig for folkehelse i et livsløpsperspektiv
- > Pågang til barnevern, familievern og krisesentre aukar

Meld. St. 13 – Utdanning for velferd

Mål for strategi- perioden

For strategiperioden har FHS formulert 11 overordna hovudmål om kva som skal kjenneteikne utdanningane, forskinga, formidling og samhandling og organisasjon og leiing i 2023.

I tillegg har vi formulert ei rekkje delmål som seier noko om korleis vi skal komme dit. Nummereringa av delmåla reflekterer ikkje ei rangering når det gjeld prioritet. Vi må arbeide med alle delmåla for å kunne nå hovudmålsettingane.

Utdanning i 2023

- > FHS har høg rekruttering og god gjennomstrøyming i studieprogram på alle nivå og alle campus
- > FHS legg vekt på prosessar som fremmer studentane si evne til læring gjennom heile livet, samarbeid, kommunikasjon, nytenking, innovasjon og kritisk refleksjon
- > FHS utdannar kompetente profesjonsutøvarar som arbeider utifrå eit ressurs- og brukarorientert perspektiv

For å komme dit skal vi

- 1.1 Arbeide målretta og systematisk med å rekruttere studentar og å utvikle studieporteføljen for alle fem campusane
- 1.2 Auke det faglege og sosiale engasjementet til studentane og legge til rette for aktiv medverknad i utviklinga av studieprogramma
- 1.3 Utvikle tydelege profilar og utnytte synergjar gjennom samkøying av alle bachelor, master- og vidareutdanningar, og arbeide kontinuerleg med å tilby gjennomgåande utdanningsløp frå alle bachelorprogramma til master og ph.d.
- 1.4 Styrke kulturkompetansen til studentar og tilsette gjennom internasjonalt samarbeid, auka mobilitet og internasjonalisering heime
- 1.5 Ha tverrfagleg og tverrprofesjonelt samarbeid som ein del av læringsutbytte i studieprogram på alle nivå
- 1.6 Nytte forskingsbaserte læringsformer på utdanningsnivå i alle studieprogram
- 1.7 Ha oppdatert infrastruktur, læringsutbytte og forskingsbaserte læringsmetodar for simulering, velferdsteknologi og e-helse
- 1.8 Involvere brukarar og praksisfelt for å utvikle læringsutbyttet i studieprogramma
- 1.9 Ha oppdatert praksisnær og klinisk kompetanse gjennom praksissamarbeid, kombinerte stillingar og hospiteringsordningar

Forskning i 2023

- > FHS har sterke forskingsprofilar i ph.d.-programmet Helse, funksjon og deltaking med aktive bidrag frå fag- og forskingsmiljø i alle institutt og senter
- > FHS driv praksisnær forskning av høg internasjonal kvalitet som er relevant for utdanningane og som svarar på utfordringar innan helse- og velferds-tenestene

For å komme dit skal vi

- 2.1 Ha gode system for forskings- og utviklingsarbeid i alle fag- og utdanningsmiljø med vekt på miljø med kort forskningstradisjon
- 2.2 Ha gode insentivordningar for eksternfinansierte prosjekt og internasjonalt nettverkssamarbeid
- 2.3 Stimulere til innovasjon gjennom samarbeid på tvers av fagfelt og sektorar
- 2.4 Legge vekt på og prioritere innovativ forskning med aktiv deltaking frå praksisfelt og brukarar
- 2.5 Ha fleire tilsette i kombinerte stillingar mellom fakultet og praksisfelt
- 2.6 Involvere bachelor- og masterstudentar i FoU-prosjekt og forskingsgrupper
- 2.7 Uteksaminere dei første doktorgradsstipendiatane på ph.d.-utdanninga Helse, funksjon og deltaking innan 2023

Samhandling og formidling i 2023

- > FHS er den føretrekte samarbeidspartnaren for helse- og sosialfagleg høgare utdanning på Vestlandet
- > FHS er eit naturleg møtepunkt for faglege diskusjonar og ein aktiv bidragsytar i formidling og deling av kunnskap relevant for utviklinga av helse- og velferdstenestene
- > FHS er ein attraktiv internasjonal samarbeidspartnar

For å komme dit skal vi

- 3.1 Utvikle porteføljen av fleksible og skreddarsydde studietilbod i tråd med regionale behov

- 3.2 Etablere ein funksjonell struktur for formelle og uformelle møteplassar med samarbeidspartnarar i yrkeslivet knytt til alle institutt, senter og nærregionar
- 3.3 Legge til rette for samarbeid med praksisfeltet i bachelor- og masteroppåver
- 3.4 Samordne avtalar og styrke samarbeidet med eit utval internasjonale institusjonar ved å sjå student- og forskarutveksling i samanheng
- 3.5 Delta i det internasjonale forskarsamfunnet ved publisering, sampublisering og formidling

Organisasjon og leiing i 2023

- > FHS har ei organisering som fremmar samarbeid mellom utdanning og forskning, fag og administrasjon
- > FHS har eit godt arbeidsmiljø, høg trivsel og eit tett samarbeid mellom tilsette og studentar ved dei fem campusane
- > FHS har ein profesjons- og arbeidsretta kompetanseprofil og ei kompetansesamansetting i tråd med krava for å verte universitet

For å komme dit skal vi


- 4.1 Ha tydelege linjer og struktur for einskapleg leiing
- 4.2 Etablere ei organisering av senter og forskingsgrupper som bygger opp under utvikling av fagleg profil og felles faglege satsingsområde, og stimulerer til intern kunnskapsdeling
- 4.3 Ha ein stabil infrastruktur, gode ordningar for IKT- støtte og digital kompetanseheving
- 4.4 Arbeide for likestilling og mangfald, særleg med omsyn til rekruttering av studentar og tilsette
- 4.5 Arbeide systematisk med rekruttering, kompetanseutvikling og bemanning i alle einingar
- 4.6 Legge vekt på utvikling av pedagogisk kompetanse og rettleiarkompetanse relevant for utdanningane og for praksisfeltet
- 4.7 Stimulere fagtilsette til å bygge kompetanse gjennom system for meritering av undervisning

Felles faglege satsingsområde

Dei felles faglege satsingsområda skal vere gjennomgåande perspektiv for all verksemd i HVL, samtidig som dei er fordjupingsområde for forskning og utdanning. Satsingsområda skal styrke den profesjons- og arbeidslivsretta profil ved høgskulen med samspel, berekraft og nyskaping som berande element. For FHS er områda òg relevante for å følgje opp ei rekke nasjonale føringar for helse- og sosialfaga. Dei legg premissar og føringar på strategiske vegval og prioriteringar for fakultetet i strategiperioden.

Profesjons- og arbeidslivsretting

I FHS kan i prinsippet all utdanning og forskingsaktivitet koplatt til dette satsingsområdet. I utdanningspyramiden vår er profesjonsutdanningane på bachelornivå berebelken for meir spesialiserte og tverrfaglege vidareutdanningar og masterutdanningar, og for ei ph.d.-utdanning i helse, funksjon og deltaking. Utdanningspyramiden er grunnlaget for den faglege verksemda ved FHS. Den skal støtte opp under vår overordna ambisjon om å medverke til betre helse- og velferdstenester, behandling, meistring og omsorg til pasientar og brukarar i ulike situasjonar og i alle livsfasar – både gjennom forskning, utdanning og formidling.



Ansvarleg innovasjon

Nye og fleire utfordringar i samfunnet kombinert med krav om å optimalisere og effektivisere tenestene krev nye samarbeidsmåtar på tvers av fag, profesjonar og sektorar.

FHS skal gjennom utdanning og forskning gi sentrale bidrag til teneste-innovasjon og sosial innovasjon. Vi vil bidra til å utvikle ansvarleg innovasjon gjennom meir bruk av tverrprofesjonell samarbeidslæring i alle studieprogram og satsing på velferdsteknologi og e-helse. I tillegg vil vi bidra til å bygge opp fleirfagleg forskning innan innovasjon i offentleg sektor og tenesteutvikling.

Berekraftig utvikling

FHS sitt bidrag til berekraftig utvikling skal syne igjen i heile vår verksemd. Vi skal bygge robuste faglege og administrative miljø og leggje til rette for effektiv og veldriven dagleg drift av fakultetet på tvers av fem campus.

I den faglege delen av verksemda skal bidraget reflektere seg i fagleg relevans i studia og moglegheit for livslang læring. Vidare skal berekraftig syne igjen i forskning, kunnskapsutvikling og nyskaping på tvers av fagdisiplinar, yrke og i samspel med samfunnet rundt oss. For FHS er det særleg to av berekraftsmåla til FN som står sentralt:

«Sikre god helse og fremme livskvalitet for alle, uansett alder» og «Redusere ulikskap i og mellom land». Dette er heilt sentrale tematikkar i alle helse- og sosialfaglege utdanningar og i fagmiljøa våre.

Danning

Utdanningane har ei sentral rolle når det gjeld å legge grunnlaget for tilliten til profesjonsutøvarane. FHS ser det som ei viktig felles satsing at studentar i profesjonsutdanningar møter læresituasjonar der dei får høve til å ta ansvar for handlingane sine og utøve skjønn gjennom å vurdere kva som er god og riktig handling i gitte situasjonar. Vi vil bidra til at studentane gjennom utdanningane tileignar seg generisk kompetanse, som til dømes ansvar, samarbeidsevne, kommunikasjon, kritisk tenking og beslutningsevne - kompetanse ein treng uansett framtidig arbeidsplass.

Folkehelse

Fleire tema innan utdanning og forskning i FHS har høg relevans for den felles faglege satsinga på folkehelse. Reproduktiv helse, ikkje-smittsamme sjukdommar, psykisk helse og rus og tilgang til helsefremjande fellesskap er døme på dette.

FHS vil bidra til å utvikle kompetanse som fremjar folk si helse på individ og gruppenivå og utjamnar sosiale



skilnader. Meistring i alle livsfasar og gjennom heile livsløpet og sosial deltaking i kvardagsliv, fritid og arbeid står heilt sentralt i den faglege verksemda vår. I strategiperioden vil vi satse spesielt på brukarmedverknad og tverrprofesjonelt samarbeid både i utdanning, forskning, formidling og innovasjon.

Sikkerheit

Å medverke til å skape trygge oppvekst- og levekår for alle er eit felles perspektiv i FHS sine utdanningar. FHS vil prioritere kunnskapsutvikling som gjeld tidleg innsats og førebygging, inkluderingsprosessar, deltaking, likeverd og likebehandling. Pasientar og brukarar skal vere sikre på at tenestene verkar, at dei er trygge og at dei heng godt saman.

Vi skal bidra til at studentane oppnår kompetanse til å vurdere risiko for uønskete hendingar, og at dei skal kjenne til metodar for systematisk oppfølging. Tenesteutforming og utvikling av trygge tenester, simulering, pasient- og brukarmedverknad og samarbeid på tvers av profesjonar, tenester og forvaltningsnivå, er døme på kunnskapsutvikling kring sikkerheit.

Teknologi

Teknologi er ein viktig faktor for å oppnå kunnskapsbaserte integrerte helse- og velferdstenester, opplyste pasientar og brukarar, samt kvalitet i alle delar av tenestene. Velferdsteknologi kan bidra til auka tryggleik, sikkerheit og sosial deltaking. FHS vil prioritere utvikling av kunnskap om kva implikasjonar auka bruk av velferdsteknologi har for pasientar og brukarar sine høve til medverknad og likebehandling, og vi vil nytte teknologiske løysingar som fremmar samarbeid med omgivnadane våre. Vi skal bidra til at studentane utviklar digital kompetanse og teknologisk dømmekraft, samt får opplæring i bruk av relevant teknologi som fremjar læring og generiske ferdigheiter.



